

## Referat frå styremøte 28.08.2012 på Bygdesentralen i Hjartdal

**Tilstede:** Jon Aslak Austjore, Kirsti Sandland, Tor Isak Oxum, Turid Opsund Mæland, Hege Gonsholt og Torhild F Sisjord(sekr.)  
**Forfall:** Kjell Sverre Thoresen(permisjon)

Avlsutvalet for sau vart kalla inn til møte for å få på plass haustens aktivitetar. Kåring og Værutstilling.  
Ring 91 – Mikkel Vadder, Ring 96 – Håvard Jønnardalen og Ring 97 – Landsverk For Kari Tellefsen.

### Sak 17/2012 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sak 21/2012 vert tatt fyrst i møte for at avlsutvalet kan avslutte møte etter dette  
Godkjent utan merknader

### Sak 21/2012 Gjennomgang og planlegging av kåring og værutstilling hausten 2012.

Kåring på Rauland vart bestemt til fredag 5. oktober og Sauland 6. oktober. Begge sjåa med start kl. 9.00

Værutstilling laurdag 10. november i Husdyrhallen i Seljord.

Sjå eige oppsett.

### Sak 18/2012 Referatsaker

- **Klyppekurs 12-14 oktober.**  
Folder er utarbeidd og lagt ut på nettsider. Den vil i tillegg vere tilgjengeleg på TSG sin stand Dyrskuen. Det er fortsatt ledige plassar på kurset.
- **Saueprosjektet.**  
Er fortsatt stor interesse for bistand i samband med økonomi og planlegging. Samlinga for nystartarar og nye bønder er sendt ut, og turen med tema bygg og økonomi er snart klar.
- Søknad om skadefelling av ulv er sendt og innvilga. Det er på plass eit skadefellingslag leia av Øyvind Fosse.

### Sak 19/2012 Planlegging av aktivitetane på Dyrskuen

Det vert i år bare TSG som har stand i Husdyrhallen. TGL har trekt seg. Sau til klypping får me låne av Olav Bjørge. Han stiller i tillegg med hengar.

Bjørguv Bratland og Knut Johan Hvistendal klypper.

Mannskapslistar er under arbeid og billetter vil bli utsendt.

**Sak 20/2012 Haustsamling**

På grunn av stor aktivitet for sauebonden- sauprojektet, kåring, utstilling mm vert haustsamlinga utsatt. Det er ynskjeleg med ei samling i januar. Tema kan være Snyltarar og Doktoravhandlinga til Atle Domke.

**Sak 22/2012 Fagskule Søve- Småfehold med vekt på sau**

Telemark sau og geit ser det som svært positivt at det kjem eit slikt tilbod på Søve.

Ser at fagplanen er utan innslag av geit. Det er for Telemark ein viktig produksjon og me ser det som ynskjeleg at dette vert tatt inn.

Er ikkje dette mulig / ynskjeleg bør det endrast til Fagskule – sau

**Sak 23/2012 Eventuelt**

I samband med jordbrukstingingane 2013 bør TSG sjå på å sende innspel på tema: pensjonsordningane for bønder.